**Postmottak Lindås**

| | |
|---|---|
| **Fra:** | Ola Midttun <Ola.Midttun@fiskeridir.no> |
| **Sendt:** | 12. desember 2014 13:44 |
| **Til:** | Postmottak Lindås |
| **Emne:** | Lindås kommune Hordaland - Høyring av søknad om dispensasjon fra kommuneplanens arealdel for utviding av akvakulturanlegg i Storskredbukt |

Lindås Kommune
Kvernhusmyrane 20

5914 ISDALSTØ

| | |
|---|---|
| Saksbehandler: | Kristin Veberg |
| Telefon: | 41406864 |
| Seksjon: | Region Vest forvaltningsseksjon |
| Vår referanse: | 14/16099 |
| Deres referanse: | |
| Vår dato: | 12.12.2014 |
| Deres dato: | 19.11.2014 |

Att: Christian H. Reinshol
postmottak@lindas.kommune.no

**Elektronisk post**

## LINDÅS KOMMUNE HORDALAND - HØYRING AV SØKNAD OM DISPENSASJON FRA KOMMUNEPLANENS AREALDEL FOR UTVIDING AV AKVAKULTURANLEGG I STORSKREDBUKT

Vi viser til brev av 19.11.2014 frå Lindås kommune med høyring av søknad om dispensasjon frå kommunen sin arealplan for utviding av akvakulturanlegg i Storskredbukti.

**Fiskeridirektoratet Region Vest kan ikkje sjå at ei utviding av anlegget vil medføre vesentlige konsekvensar for arealbruk tilknytt fiske. Vi viser også til Fiskarlaget Vest sine merknader i saken, og ber om at desse vert vektlagt.**

### Om søknaden

Sjøtroll Havbruk AS søkjer om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel for utviding av eksisterande akvakulturanlegg i Storskrebukti. Delar av anlegget vil kome utanfor området som er sett av til akvakultur i kommuneplanen. Søknaden legg til rette for ei utviding av anlegget med 7 bur på 25x25m på to rekkjer. Sjøtroll Havbruk AS ynskjer å flytte noverande løyve frå lokaliteten ved Øvreås til lokalitet Storskrebukti og leggje ned anlegget ved Øvreås.

### Fiskeridirektoratet sin rolle og ansvar

Fiskeristyresmaktene er ansvarlig for forvaltninga av dei levande marine ressursane, fiskerinæringa og kontroll med akvakulturnæringa. Fiskeridirektoratet sine regionar skal ta vare på desse interessene i det regionale og lokale planarbeidet.

### Vurdering av søknaden

Ved innsig av makrell kan det tidvis gå føre seg fiske etter denne arten i Hindenesfjorden. I Fiskeridirektoratet sin kartdatabase over kystnære fiskeridata, er det registrert ein låssettingsplass ved Askelandsøy på andre sida av fjorden og nordaust for der oppdrettsanlegget er lagt ut i dag. Vi kan ikkje sjå at søknad om dispensasjon frå kommuneplanen for utviding av oppdrettsanlegget vil medføre vesentlig auka konfliktpotensial med utøving av fiske, men føreset fortøyingar frå oppdrettsanlegget ikkje vert lagt inn i området som vert nytta til låssetting.
Fiskarlaget Vest har i brev av 08.12.2014 til Lindås kommune gjeve fråsegn til søknaden. Vi ber om at fiskarlaget sine merknader vert vektlagt.

Med helsing

Ola Midttun
seniorrådgiver

Kristin Veberg
førstekonsulent

*Brevet er elektronisk godkjent og sendes uten underskrift*

**Mottakerliste:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Lindås Kommune | Kvernhusmyrane 20 | 5914 | ISDALSTØ |

| **Kopi til:** | | | |
|---|---|---|---|
| Fiskarlaget Vest | Slottsgt. 3 | 5003 | BERGEN |
| Fylkesmannen i Hordaland | Postboks 7310 | 5020 | BERGEN |
| Hordaland Fylkeskommune | Postboks7900 | 5020 | BERGEN |
| Kystverket Vest | Plan- og Kystforvaltningsavd elingen | 6025 | ÅLESUND |